




Tryggheimhelsing



Vg2-tur til
Israel!
s. 4-5



Tomatkrig
s. 6



Nye tilsette
s. 7,11-12



TIL GEORGIA FOR MILJØVERN OG
INTERNASJONAL FORSTÅING s. 8-9

Rektor har ordet



Ein del av NLMvgs

"For meg var dette det beste opplegget nokon gong!" var respon- sen frå ein i servicepersonalet etter flotte dagar på Sørlandet for ei tid sidan. Vi hadde hatt personalsamling for tre av NLMs vidare- gåande skular i Sør-Noreg, - Drottningborg, Kvitsund og Tryggheim. NLMvgs-familien er endå større. For eitt år sidan var 320 tilsette frå ni NLMvgs-skular samla til storsamling på Tryggheim. Vi ønskjer nettopp det å møtast, oppmuntre kvarandre og gjere kvarandre gode.

9xNLMvgs

Det var i 2008 våre gode medarbeidarar på Lundeneset vgs sådde tanken om eit utvida og tettare samarbeid mellom Misjonssambandet sine vidaregåande skular. NLMvgs som eit nytt konsept vart presentert på dei regionale personalsam- lingane rundt om i landet. Personalet på skulane responderte positivt, og snart var eit tettare samarbeid eit faktum. NLMvgs består av ni vidaregåande skular frå Grimstad i sør til Finnsnes i nord. Det gjeld skulane Drottningborg, Kvitsund, Tryggheim, Lundeneset, Kongshaug, Sygna, Vestborg, Val og Nordborg. Her går det over 1600 elevar.

Kva har NLMvgs felles?

- Ein klar kristen profil. Kall til frelse og kall til teneste.
- Eit ønske om å vere gode vidaregåande skular med heile ni av tolv utdannings- program.
- Internatskular. Elevar og tilsette bur på skulen.

Kvifor NLMvgs?

- Byggje NLMvgs-identitet. Samarbeid og problemløysing. Ikkje fokus på økono- misk gevinst, men på at vi kan få til meir gjennom samarbeid.
- Marknadsføring. Elev- og medarbei- darrekruttering. Auke eigarkjensla hjå misjonsfolket.
- Skape delekultur mellom skulane. Fagleg samarbeid både pedagogisk og på service. Ikkje fokus på konkurranse, men på å gjere kvarandre gode.
- Administrativt samarbeid og IKT-sam- arbeid.

Dobbel målsetjing

Saman har vi i NLMvgs ein klar kristen profil. Motivasjonen og drivkrafta for å halde skuleprosjekta i gang er dobbel. Det eine er å gje elevane oppseding og undervisning ut frå eit kristent men- neskesyn og ei kristen oppfatning av verkelegheita, slik at dei best mogleg kan utvikle sine evner og ta ansvar i samfun- net. Det andre er å forkynne evangeliet og utfordre til misjonsengasjement. Midt i dette arbeidet er Misjonssambandet ein

aktiv skuleeigar. Dei har både sentralt og lokalt stått med oss i arbeidet gjennom oppfølging og personalsamlingar og villig sendt representantar og forkynnarar til Tryggheim. Etter ein to vekers møte- serie sa forkynnarar: "Eg har gått her i to veker, og det vert eit sagn å forlata Tryggheim. Det har opna seg dører og kontaktar." Slik har vi erfart det fleire gon- ger at Ordet ikkje vender tomt tilbake.

Elevane sin fridom til å velje

Vi har samstundes nokre viktige og grunnleggjande prinsipp på skulane våre: Påverknad med respekt. Det har bl.a. Carsten Hjorth Pedersen minna oss om på ein førebiletleg måte - om ansvaret som ligg på oss som skular. Korleis kan vi påverke elevane på ein måte som gjev dei fridom til å velje sjølv? Vidare har både NLA og KFF sett kristen pedagogikk på dagsorden gjennom kurs og Forum for didaktikk i kristent perspektiv. Desse styrkjer oss i ikkje å tru på den livssyns- nøytrale skulen. Alle pedagogar gjev born og ungdom briller å sjå verda med. Vi siterer ein ikkje-kristen tysk pedagog, Klaus Mollenhauer: «Oppseding er å meddele elevane det som er viktig for oss sjølv». Ein formidlar på forskjellige måtar kva som er viktig, - kva som er meninga med livet. Viss ein ikkje snakkar om Gud, så formidlar ein at det ikkje er nokon Gud. Viss ein aldri snakkar om evig liv, så formidlar ein at det ikkje er noko evig liv. Skal ein skule prøve å vere nøytral, då er det mange ting ein ikkje kan ta fram, f.eks. meninga med livet. Men er det rett å ha born på skulen i ti år utan å snakke om meninga med livet? Vi trur ikkje det. Det å tolke røyndommen på ein annan måte er ei oppgåve for ein kristen skule. Vi ønskjer ikkje å sende frå oss ungdom- mane med bare rein faktakunnskap – vi ønskjer å sende dei frå oss med noko meir.

Personalet som reiskap

Takk til personalet som på kvar sin måte bidreg til eit positivt og godt arbeids- miljø. Med vår felles basis i eit kristent menneskesyn står vi saman om visjonen: Tryggheim – vi strekker oss litt lenger. Ein skule vert realisert gjennom personalet. 'Kven er eg'-dimensjonen. 'Kva brenn eg for'-dimensjonen. Evangeliet er ute- lukkande Guds sak – verksam ved Den Heilage Ande. Personalet er berre ein reiskap – til omvendning og frelse.

Takk for omsorg og forbønn for elevar og personalet og for skulekvardagen – at vi må lukkast!

Gjermund Viste

Andakt

Juleparadigme

For mange år sidan hadde eg ei tevling med ein kamerat der me skulle kome på ord som det ikkje let seg gjere å setje jul- føre. Det var ein reaksjon på den omseggripande hangen marknadsføringa i adventstida har til å låne kredibilitet frå ordet jul. Etter som eg minnest, enda me opp med omtrent berre påske. Julepåske klang ikkje godt. Overskrifta juleparadigme er ikkje primært ei vidareføring av denne leiken, sjølv om samansetninga skulle vere ny for nokon.

For ei tid sidan var eg på eit møte der forsamlinga halvvegs i talen vart utfordra til følgjande: Dersom du med berre eitt ord skal gje det mest presise uttrykk for korleis Gud er, kva ord vil du då bruke? Så måtte me tenke oss om og snu oss til naboen og seie kva ord me tenkte på, og naboen likeins. (Før du les vidare kan jo du tenke kva du ville svart).

Så spurde talaren: «Kor mange svarte: Jesus?» Ingen hender i veret. Ingen. Blant mange hundre kristne hadde ingen kome på det. Trass i at han hadde sagt at me kunne bruka eit adjektiv, substantiv eller eit namn. Nå bør eg helst tale for meg sjølv, men i to sekund verka salen litt lamma. Ein skulle i alle fall trudd søndagsskule-refleksane fekk nokre av dei yngste til å svare rett, men nei. Den engelske bibelskulerektoren vart ikkje fælen; «Eg har reist rundt og talt for tusenvis av menneske over heile Europa og stilt det same spørsmålet. Ingen har til no svart: Jesus.»

«Ut frå kva du svarte, så kan eg truleg seie deg korleis ditt bønneliv er, kva dine freistingar er, korleis du tar avgjerder, kva du tenkjer når Jesus seier: Kom og følg meg. Eg kan beskrive dei sterke og svake sidene dine, når du seier meg ditt syn på Gud med eitt ord. Ditt syn på Gud er dei linsene du ser på Gud, verda og menneska med. Ditt syn på Gud er eit paradigme som bestemmer tenkinga, haldningane og i stor grad handlingane dine.» Og hadde han talt på eit desembermøte, ville han truleg sagt at paradigmet og styrer kva me tenkjer om jula og korleis me feirar ho.

Så tok han fram Kolossar brevet 1.15: «Han er eit bilete av den usynlege Gud, den fyrstefødde framfor all skapning», og fortalde at bilete på gresk betyr ikon, meir enn eit spegelbilete, full identitet, fullstendig og akkurat refleksjon, karak-

ter, eit portrett som fangar essensen. «It doesn't matter how deep you drill into God, it doesn't matter how far into the nature and character and essence of God you go - you will never, ever, ever find anything in God that isn't exactly like Jesus».

Så til Betlehem, år 0. Det er herifrå me har vår tidsrekning, framleis eit sterkt vitnemål om at store delar av verda ein gong rekna det som ein ny start, ei nullstilling for heile jorda. Kven ligg der i stallen? (neppe julekrybba, så liten var han ikkje). Den usynlege Gud, Sonen, vart synleg. Han fekk ikkje berre ein kropp, som eit anna kostyme, men han vart menneske. Utan synd han boren er / som all synd for verdi ber. / Han er både Gud og mann, / alle folk han frelsa kan. Kontrastane er store mellom det bibelske juleparadigmet og dei variantane som årvisst prøver å konkurrera ut originalen. Konkurrentane kjem i all slag forkledding, men spørsmålet frå den engelske talaren har gjort meg merksam på at me ikkje automatisk klarer å skilje kjerne frå periferi, kvalitet frå kvantitet, original frå kopi.

Åndeleggjering

Gjør som Gud – bli menneske er ein tankevekkande tittel på ei bok som kom ut for få år sidan. Forfattaren stiller kvart år bibelskuleelevane sine spørsmålet: «Hva er åndelighet?» Svara han får, inneber ganske konsekvent ei rørsle bort frå det skapte, bort frå denne verda, ein flukt frå det kroppslege, frå sansane, fornufta, den ytre verda, mot ein annan, men usynleg, indre, mystisk dimensjon. Svara førte til at han skreiv ei bok om temaet.

Det er lett å tenke slik at det åndelege er noko reint og heilagt som ikkje kan ha plass her på jorda, men ikjøtinga, at Gud vart menneske - som me snart skal feire, er nettopp den motsette rørsle, då Gud verkeleg går inn i det kjøtlege og menneskelege. Han foreinte seg med den menneskelege naturen han har skapt og gitt oss – den sterkast tenkelege stadfestinga av menneska og skaparverket.

Me må ikkje tenke at det historiske og konkrete i juleevangeliet berre er dekke, kulisse og staffasje, medan me febrilsk leitar etter ei røyndomsfjern og luktfri åndeleg opphøgd sanning bakom alle blånar. Det menneskelege står ikkje i motsetnad til det åndelege. Fornedringa er ikkje at Guds Son blei menneske, men



at Han blei gjort til synd og blei lydlig til døden.

Herrens under her me ser, / ved Guds Ande dette skjer. / Livsens ord frå himmerik / vert i kjøt og blod oss lik.

Nussifisering av jula

Paul Otto Brunstad kallar den avkristna julefeiringa for ei «nussifisering av troens mysterium.»

«Herodes gjorde et mislykket forsøk på å kvitte seg med Jesusbarnet gjennom brutale myrderier. Tankekorset er at det Herodes med sitt raseri ikke maktet, langt på vei har skjedd i vår kultur uten bruk av vold og forfølgelse. De fleste lever sitt liv som om Herodes faktisk lyktes i å drepe Jesusbarnet. Hvordan har det kunnet skje? Jula sin opphavlege bodskap er redusert til et bleikt bakteppe for ei feiring på tomgang. Jesusbarnet er redusert til ein ufarleg og nusseleg liten skapning, radikaliteten i bodskapen er borte. «Ikke drept som ved et overløst drap, bare stille og umerkelig redusert til en av mange rekvisitter i vår feiring av oss selv og våre egne behov.»

Per Egil Hegge skriv: «Sjølv kan eg ikkje lesa Bibelen på anna enn arkaisk nynorsk. Det blir berre mjølkepapp. Tenk berre på juleevangeliet: «Og de ble meget forferdet», står det. Du ser det skvalpar i tekoppene, løfta med utstrekke veslefinger over kniplingsdukar på Frogner. Men «då vart dei fælende redde» gjer det klårt at hyrdingane på marka vart skikkeleg skræmt.»

Måtte me ta oss tid til å gå til kjeldene i adventstida og søkke oss ned i evangelia. Om me vert «skikkele skræmt», er det kan hende fordi det er på tide å justere eller byte ut paradigmet.

Du som er Gud Fader lik, / ver i vanmakt sigerrik! / Med din guddomsvelde kom, / styrk oss i vår armodsdom! Klårt di krubba skina kan, / ljuset nytt i natti rann, / naud og natt til ende er, / trui alltid ljuset ser. Lov og takk, du Herre kjær, / som til verdi komen er! / Fader god og Ande blid, / lov og takk til evig tid!

Knut Handeland



Vg2-tur til



Alle deltakarane samla

Lengten etter varme og nye opplevingar førte tretti elever og tre lærarar til Israel den 13.-21. september, i staden for den tradisjonelle vg2-turen til Tyskland-Polen-Tsjekkia. Turen til Israel tok oss med til store delar av landet og viste oss ein annleis kultur og ein annleis måte å leve på som både fasinerte oss, men òg gav sterke inntrykk.

Tekst og foto: Karen Amalie Time Bø og Miriam Haavardsholm

Turen byrja med avreise frå Sola torsdag 13. september kl. 12.05. Vi var mange spente ungdommar som hadde gledd oss lenge. Vi mellomlanda i Amsterdam og var i byen fram til flyet gjekk mot Tel Aviv klokka 21.05. Etter at vi landa i Tel Aviv kl. 02.30 og hadde funne bagasjen vår, gjekk vi ut til bussen og helste på guiden vår, Stefan Kogeus, ein mann som viste seg å vere ein



Gruppebilde frå Dødehavet med leire frå topp til tå



Anette og Hanne koser seg oppå ein av dromedarene i beduinleiren

Israel!

fantastisk guide. Han hadde mange triste, men òg gode historier. Det at han fortalte oss historier han aldri hadde fortalt til nokon andre, gjorde at vi følte oss bæara. Det tok to timar med buss til den første overnattingsplassen, ein kibbutz ved Genesaretsjøen i Galilea.

Første dagen i Israel med sol og 30 grader gav ein svært god start på turen! Spesielt sidan den eine leilegheita inneheldt ei mus som skremte vettet av dei stakkars ungdommane som budde der, men som òg gav oss mange latteranfall. Vi starta med tur til den kjende Golanhøgda, der vi naut den fine utsikta. Vidare kørde vi forbi Jordanelva, Kanaan og Nasaret, der vi òg var i ein del katolske kyrkjer. Her måtte vi ha «helliga kleddel» på oss, som den svenske guiden vår pla seie. Dette var sannsynligvis den einaste ulempa på denne elles så fantastiske turen. Vi var nøydde til å ha på klede som dekte skuldrer og kne nesten kvar dag. Dagen blei avslutta med båt frå Tiberias og over Genesaretsjøen til kibbutzen vår i «Titanic 2», og bading i eit 30 graders varmt vatn i Genesaretsjøen. Allereie første dagen opplevde vi veldig mykje spennande! Seinare, mens vi var i Galilea, bada vi i varme kjelder. Sachne var ein av dei kjekaste plassane vi var på. Vi bada i klart og fint vatn som berre var 28 grader, men meir enn godt nok for oss nordmenn. Vi var òg i Kapernaum, «the town of Jesus», Saligprisningens berg og staden der ein trur brønderet fann stad.

Etter nokre fantastiske dagar i Galilea sette vi kursen mot Jerusalem. Vi var innom Holocaust-museet, Yad Vashem, som gjorde stort inntrykk på mange. På berre nokre få dagar besøkte vi dei mest populære turistsplassane i gamlebyen som Oljeberget, Getsemane, Sionberget og Gravhagen. Vi var òg nede ved Klagemuren og den runde kuppelen, og gjekk i basargatene ein halv dag, noko som var ei oppleving i seg sjølv. Ein av dagane gjekk vi Via Dolorosa, smertas veg, opp til Golgata, som var ei av dei opplevingane som kanskje gjorde mest inntrykk. Mens vi budde i Jerusalem, var vi òg innom Betlehem. Her var vi i fødekyrkja og ved hyrdingmarkene, der ein trur at gjetarane fekk den gode budskapet om Jesu fødsel.



Klagemuren sett frå eit utkiksplatå

Etter fleire dagar i Jerusalem reiste vi mot eit av høgdepunkta på turen, nemleg Dødehavet! Her fekk vi følelsen av å flyte på vatnet utan å måtte halde pusten, og vi smurde oss inn med leire frå topp til tå. I tillegg brukte dei aller fleste av oss over tusen kroner på dødehavskremar i Ahava-butikken ved sida av. Dei fleste dagane var det ikkje nok med bading berre ein gong til dagen, og denne gongen var ingen unntak. Vi reiste mot Ein Gedi, der ein trur David gøymte seg for kong Saul, ei varm kjelde. Dei fleste syntest det var herleg med ein ekstra dukkert etter 45 grader i sola! Deretter kom turen til beduinleiren i ørkenen, der vi rei på dromedarar, åt på ekte beduinvis og sov i store telt. Veldig kjekt!

Siste stopp på turen var Netanya, der vi fekk resten av dagen til eigen disposisjon. Vi naut dei siste varme solstrålane på stranda, der vi bada, sola oss, turna og laga figurar i sanden. Her såg vi den første skya på åtte dagar! Seinare på kvelden var vi ute på shopping i gatene i Netanya, før heimturen. Ingen hadde lyst til å forlate varmen og feriefølelsen for å reise heim til kulden i Noreg. Derfor var det trist då flyet letta frå bakken i Tel Aviv, etter ein tur med mange fantastiske opplevingar i sol og varme! Ein tur der me fekk sjå stader der Jesus har vore, sett nye ting og ny kultur, og der vi fekk mange nye venner. Ein tur som alltid vil bety noko, og som ingen av oss kjem til å gløyme!



På veg opp mot Ein Gedi i badeklede og håndklede



Martin og Lars Martin, nr 2 og 4 f.v utkledd som millitærbetjentar

Tomatkrig!

Lar du ein bølning tenåringar gjere (nesten) kva dei vil med 30 kilo overmodne tomatar, kan du vere sikker på at det blir grapsete.

I valfaget «Ulike idrettar» på ungdomsskulen er det rom for svært mange ulike aktivitetar. Og når ein av lærarane har nærast uavgrensa tilgang på tomatar (som elles ville blitt kasta), seier det seg sjølv at alt ligg til rettes for ein skikkeleg tomatkrig.

Dette var tilfelle i midten av november, då heile flokken vart delt i to med oppdrag om å forsvare kvar sin base i Pyttaskogen. Det einaste våpenet det var lov å nytta seg av var tomatar. Her fekk ein fram kva som verkeleg budde både i elevvar og lærarar, og det suste tett mellom trestammene i en blodraud krig. Elevane fekk berre lov å «lada opp» med ei tomat om gongen, difor vart det sprunge mykje att og fram til frontlinja på kvart lag. Det går rykte om at nokre tomatar var så modne at dei sprakk i handa om ein kasta for hardt. Dei som vart treffe, måtte gå av banen og til «sjukehuset» kor dei vart friskmelde etter fire minutt og eit visst antal gjennomførte armhevingar/spensthopp. Ei god stund såg det nokså grisete ut i skogen, men ei stor grop med gode komposterande eigenskapar gjorde sitt til at det i dag er få spor att etter krigen.

Om elevane likte det? Det vart ein ubetinga suksess, kan du trygt seie. No går det rykte om at prosjektet vil bli prøvd ut også i vanlege gymtimar til neste år.



Forventningsfulle tomatpøblar. Frå venstre Lars Sembsmoen, Marie Tjelle, Brita Gausland Aunet, Oda Lillesand, Edel Djupevåg, Kristoffer Harestad. (Foto Anne Sunde)



Matpakkelaus lunsj

For dei fleste av ungdomsskulelevane er matpakkeproblematikken no eit avslutta kapittel. I staden kjem dei til «dekkja bord» i matsalen.

Av Knut Reier Indrebø

Kjøkkenet på Tryggheim gir tilbod om å abonnera på skulemat, eit tilbod som elevane har sett stor pris på. Niandeklassingane Maria Leonora Våland og Martha Reime er ikkje i tvil:
- Det er eit veldig bra tilbod, for då treng me ikkje å tenkja på matpakke. Dessutan er maten god, seier jentene.

Dei kan forsyna seg frå haugar av brødski-ver og eit breitt utval pålegg. Her er ost, syltety, kjøtpålegg, kaviar, agurk, paprika og mykje meir. I tillegg kjem både juice og mjølk å drikka.

Også leiar på ungdomsskulen, Tron Arild Grødem, er svært godt fornøgd med skulemåltidet så langt.

- På denne måten kan me vera med på å sikra at ungdommane får seg eit skikkeleg og sunt måltid i løpet av skuledagen. Det er viktig for den generelle helsa, og betrar dessutan konsentrasjonen til elevane, seier han.



Maria Leonora Våland (t.v.) og Martha Reime er godt nøgde med å sleppa å ta med matpakke kvar dag.

Niandeklassingane har berre eitt ønske om endringar i menyutvalet:

- Det kunne godt vore egg litt oftare, seier dei.

Nye fjes på ungdomsskolen

I takt med at ungdomsskolen veks og elevtalet nærmar seg 200, vert også lærarstaben utvida. Hausten 2012 var heile fem aldeles ferske lærarar på plass, slik at ungdomsskolen no har i overkant av 19 årsverk, fordelt på 24 tilsette. Her kan du verta litt betre kjend med dei nyaste i flokken.



Ellen Hobberstad Olsen, Varhaug

Kva har du gjort før i livet?

Har studert ein del rundt omkring i innland og utland. Har arbeid i helsevesenet, i skulen, i barnevernstenesta, rusomsorg, NAV og er no tilbake i skulen igjen.

Kva fag har du no?

Engelsk, norsk, gym og musikk.

Kva gjer du helst når du har fri?

Les bøker, er med i foreining, som leiar i Minikoret og i ulike styre. Elles er det travelt med to små gutar i heimen, og det meste av tida går til familien og vener. Syns det er fantastisk kjekt å reise!

Den beste læraren du sjølv har hatt:

Korleis var han/ho?

Ho var veldig kjekk, triveleg og hadde godt humør. Ho blei kjent med oss som personar og likte å vera saman med oss. Ho hadde stor kunnskap om det ho underviste oss i, var rettferdig og passe streng.

Korleis vil du helst ha komla servert?


Sørlandskompene til svigermor trur eg må vera dei best! Med dott i, salt på, smør og kålrot ved sida av. Vatn i glaset.

Favorittfilm?

Eg er veldig glad i drama, samt i chick flicks.

Kor fort spring du 60-meteren?

Ingen kommentar...



Håkon Haugland, Nærbø

Kva har du gjort før i livet?

Ete, sove, studert og arbeid.

Kva fag har du no?

Norsk, KRL og samfunnsfag.

Kva gjer du helst når du har fri?

Er med familien, høyrer radio.

Den beste læraren du sjølv har hatt:

Korleis var han/ho?

Norsklærer på Kopervik vidaregåande. Var kunnskapsrik, gamaldags, mumla, skreiv uleseleg på tavla og kravde mykje av elevane.

Korleis vil du helst ha komla servert?

Med pølse, bacon, kålrot og gulrot, vatn.

Laga i pinnekjøtkraft.

Favorittfilm?

La vita e bella (Livet er herlig)

Kor fort spring du 60-meteren?

Tempo er vel ikkje den mest tydelege styrken min. Trur eg har vore 8, eitelleranna.



Jostein Wold, Nærbø

Kva har du gjort før i livet?

Lærerutdanna, jobba på Oгна skule, Framnes folkehøgskule og Den norske skulen i Bolivia.

Kva fag har du no?

Spansk, gym, samfunnsfag og sløyd

Kva gjer du helst når du har fri?

Tar ein tur i naturen til fots eller på ski.

Slappar av med gode venner og familie.

Den beste læraren du sjølv har hatt:

Korleis var han/ho?

Engasjert, engasjert i faget og i elevane.

Korleis vil du helst ha komla servert?

Komla med dott, stekt sideflesk og mjølk.

Favorittfilm?

James Bond.

Kor fort spring du 60-meteren?

Under 10 sekund.



Randi K Øgreid Rondestveit, Nærbø

Kva har du gjort før i livet?

Eg var russ på Tryggheim i 1995. Tok kristendom grunnfag ved Ansgar Teologiske Høgskole, deretter nordisk grunn- og mellomfag, historie grunnfag samt PPU ved

Universitetet i Stavanger. Deretter nordisk hovudfag ved Universitetet i Agder. Har vore fast tilsett ved Nærbø Ungdomsskule frå 2000 til 2011 før eg kom til Tryggheim.

Kva fag har du no?

No har eg norsk på 8. og 10. trinn.

Kva gjer du når du har fri?

Då finn eg på noko kjekt i lag med ungane mine - helst på Øgreid i Helleland som er verdas navle!

Den beste læraren du sjølv har hatt:

Korleis var han/ho?

Det må vel bli barneskulelæraren min frå Motland, Petter A. Haug. Han var snill, streng og rettferdig, slik ein god lærar skal vera!

Korleis vil du helst ha komla servert?

Med lammakjøtt og kålrabistappe – med Pepsi max å drikke

Favorittfilm?

Som ein garva norsklærer må eg seie Kristin Lavransdatter – eg er stor fan av Sigrid Undset og tykkjer ho skriv fantastiske bøker – særskild bøkene om Kristin Lavransdatter.

Kor fort spring du 60-meteren?

Anar ikkje – sprang han ei gong på nittitallet som elev på Tryggheim – trur eg fekk mellom tre og fire.



Rieko van Silfhout, Eigerøy

Kva har du gjort før i livet?

Eg jobba som ungdomsarbeidar i Frelsesarmeen frå 2003 til eg byrja som lærar i Dalane i 2010.

Kva fag har du no?

I år underviser eg i norsk, samfunnsfag og tysk.

Kva gjer du helst når du har fri?

Spelar innebandy, er aktiv i Frelsesarmeen, les bøker.

Den beste læraren du sjølv har hatt:

Korleis var han/ho?

Strukturert, tydeleg/streng, fagleg flink.

Korleis vil du helst ha komla servert?

Nei, takk!

Favorittfilm?

Luther.

Kor fort spring du 60-meteren?

Det er lenge sidan sist – scorar heller innebandymål!

TIL GEORGIA FOR MILJØVERN OG



Landsby i fjella - Kva lever dei av?

Georgia er eit variert land. Her er vakre kystar og kvite brear, tett regnskog og naken ørken, store skogar og fjelltoppar opp til 5000 meter. Folketalet er om lag som hos oss, men dei må greia seg med ein femdel av den plassen me har. Landet var styrt frå Moskva i mange år, men fekk fridomen sin etter at Sovjetsamveldet braut saman tidleg på 90-talet.

Hit kom fem ungdomar frå Hå 14. – 24. oktober, mellom dei Ellinor Ape-land og Johanne Dorthea Vigrestad frå Tryggheim ungdomsskule og Håkon Foseide frå Tryggheim vidaregåande skule. Tryggheimhelsing tek ein prat med Håkon. Talemålet røpar fort at han verken er frå Nærbø eller Varhaug.

Av Ingvar Fløysvik
Foto: Håkon Foseide

– Det var nok å gå på skule i Hå, fortel han, – eg er frå Halse på Nordmøre. Dei fem møtte unge frå Latvia, Polen, Armenia, Romania og Georgia. Saman skulle dei læra om å ta vare på jorda me lever på og fremja ei berekraftig utvikling. Kanskje drømde dei om lange strender

og symjeturar i Svartehavet. Men då flyet hadde landa og bussen stoppa, stod dei framfor eit hotell i industribyen Rustavi, 25 km søraust for hovudstaden Tblisi. Denne byen var eit viktig knutepunkt på silkevegen mellom aust og vest gjennom tusen år, men vart jamna med jorda rundt 1400 og låg aud og øyde til kamerat Stalin fann det for godt å reisa han frå ruinane dei første åra etter krigen. Byen vart bygd



Guds kyrkja lysa skulle som høgt på berg ein stad - ei kyrkje i dei georgiske fjella

på jern og stål. Men då SSSR ikkje var meir, og malmen vart liggjande i granneland, byttest trygge jobbar i massearbeidsløyse, og folketalet gjekk ned. Byen har no om lag like mange menneske som Stavanger og er den fjerde største i landet.


– Det var svært tørt i dette området, og folk var fattige, fortel Håkon. – I storbyen Tblisi såg me flotte prestisjebygg, men her var me i ei anna verd. Rundt hotellet låg gamle og kjedelege bustadblokker. Skilnaden på fattige og rike var stor. Byen såg òg ut til å mangla renovasjonsvesen, for det som var kasta eller knust, vart berre liggjande. Men folket er smilande. Dei stansar på gata, helsar og pratar.

– Fekk de sjå noko meir av landet enn Rustavi?

– Me budde i Rustavi, men tok buss til Tblisi og andre stader. Ein dag fekk me ein tur opp i fjella. Me køyrde gjennom gran-skog og kom til snaufjell, litt som i Noreg. Bussturen tok fire timar – utan tryggings-selar på humpete veg. Deretter gjekk me opp ei bratt fjellside til ein topp. Me frå Noreg nådde opp først! Derfrå kunne me sjå utover mange fjelltoppar. Ved foten av fjellet låg ein landsby med enkle, uisolerte hus. Det må vera kaldt om vinteren! Me skjønna ikkje heilt kvifor dei ville bu der, men dei kunne ikkje tenkja seg å flytta.

– I gruppa skulle me læra av kvarandre. På hotellet vart me fordelte på to sovesalar, ein for gutane og ein for jentene. Me hadde nasjonale kveldar der me presenterte våre eigne land og serverte mat derfrå. Frå Noreg hadde me med oss sjokolade og spekemat. Me laga òg ein presentasjon av eventyret Bukkane Bruse. Elles skulle kvart land dela eigne miljøproblem. Gruppa frå Noreg tok fram bilkøyning, kasting

INTERNASJONAL FORSTÅING



Kyrkje og fjelldal

av etande mat, ja, i det heile bruk- og kastkulturen. På sosiale samvær vart me ofte utfordra til å improvisera og kasta oss utpå. I førstninga var det litt skremmande å dumma seg ut slik, men etter kvart vart det berre moro. Me kom forresten på georgisk fjernsyn to gonger!

Gruppa fekk òg prøva seg som skodespelarar, fortel Håkon:

– Ein dag opptredde me med utandørs skodespel om økologi for folk i byen. Polske skodespelarar hadde rettleidd oss undervegs. Dei hadde òg lært oss mykje om teatertypar og teaterhistorie. Me fekk bruka ei skuletomt. Før framsyninga plukka me tomte rein for glasbitar og søppel. Det var leiga me betalte. Sidan få av oss snakka georgisk, vart det eit nokså ordlaust og abstrakt skodespel, så kva tilskodarane fekk med seg, er ikkje godt å seia.

Gruppa har fått denne turen gratis, og sidan det offentlege ikkje plar senda folk på ferieturar rundt i verda, kjem det siste spørsmålet av seg sjølv:

– Kva har du lært frå denne turen, Håkon? Heldigvis kan Håkon forvissa oss om at turen har kome til nytte:

– Det var lærerikt å vera så tett innpå ungdomar frå ulike land og med ulike kulturar. Elles tenkjer eg nok meir på det eg sjølv kastar, no, seier han. – I Rustavi kasta dei ikkje noko som kunne brukast.



Hotellet der gruppa budde i Rustavi



Ta vare på miljøet!



Søppelplukking for skodespelet

Nærbømagasinet


Rett før haustferien tikka det inn ei hyggeleg melding til rektor frå eit nyetablert næringslivsmagasin på Jæren, Nærbømagasinet. Spørsmålet var om nokre elevar ved skulen kunne tenkja seg å presentera Tryggheim i det nye bladet, som skulle leggjast i alle postkassar i Hå og Time kommunar mot slutten av november. Så stas at interessa for skulen er slik at ein vert rekna med når nærområdet ønskjer å gå breitt ut og profilera seg.

Under litt press frå ein i overkant entusiastisk norsklærer tok den kreative og sporty gjengen i 1 STa utfordringa med å produsera tre sider med stoff til eit «ekte blad» og med ei høgst reell og skræmeleg knapp deadline. Delt inn i ulike grupper fekk klassen ansvar for alt frå hovudreportasje til intervju, fakta- og historikkbol. I tillegg var det ei gruppe som hadde ansvar for foto, og ei anna som såg til at stoffet vart samla inn, korrekturlese og levert til norsklæraren på avtala tidspunkt. Det var fantastisk for ein lærar å sjå elevane ta ansvar og levera stoff

av høg kvalitet til deadline. Berre ørsmå justeringar var påkravd før teksten gjekk vidare til den ansvarlege for Nærbømagasinet, som også var svært godt nøgd med elevproduktet. For klassen som arbeider med sakprosa meir eller mindre heile hausten, vart dette ei konkret og spanande utfordring som verkeleg viste att i magasinet. Her er ein smakebit frå det som kom på trykk, eit intervju med to elevar ved skulen vår. Som sagt, ført i pennen av dyktige norskelevar i 1 STa!

JOHAN OG FRODE

Hvordan er det å være elev ved Tryggheim, eller i noen tilfeller, å faktisk bo på skolen? Vi har gått rundt på skolen og intervjuet elever på ulike studieprogram. Her får du et innblikk i hvordan to av elevene, Johan Hølland (vg1 Bygg- og anleggsfag) og Frode Løvbrekke Aase (vg2 Elektrofag), opplever skole- og internatlivet på Nærbø.



Johan Hølland



Frode Løvbrekke Aase

- Hvorfor valgte dere Tryggheim?

JOHAN: «Jeg valgte Tryggheim fordi jeg visste at det var en god skole. I tillegg visste jeg at Tryggheim var kjent for sitt gode miljø og sine mange kjekke folk.»

FRODE: «Fordi jeg har hatt søsken som har gått her og at de har anbefalt skolen sterkt!»

- Hvordan er din opplevelse av Tryggheim?

JOHAN: «Min opplevelse av Tryggheim har levd opp til forventningene og mer enn det! Tryggheim har et godt inkluderende miljø, mange kjekke folk og gode lærere.»

FRODE: «Jeg har helt fra starten av følt at miljøet er inkluderende og at det er lett å finne sin plass i gjengen.»

- Er det et skille mellom internatelever og hjemmeboende?

JOHAN: «Jeg syns ikke det, men likevel merker jeg at internatelevne kjenner flere folk. For meg er det bare det som skiller oss.»

FRODE: «Ikke nødvendigvis, men merker det at de som bor på internatet, slik som jeg, henger naturlig sammen med de andre som også bor på internat.»

- Tilbyr skolen ulike aktiviteter/opplegg på fritiden?

JOHAN: «Ja, ekstremt mange faktisk. Skolen byr på fotball, bibelgrupper og ulike sosiale aktiviteter i helgene som for eksempel tur. Det var særlig bra i starten av skoleåret. Da ble det arrangert ulike turer som gjorde at vi ble bedre kjent. Dette var særlig positivt for de nye elevene.»

FRODE: «Ja! Vi har miljøarbeidere som arrangerer ting i ukedager og i helgene. De er her spesielt for oss, alle elevene ved Tryggheim vgs, og er det noe vi ønsker å

finne på, er det bare å ta tak i dem! Det er også for eksempel fotball, møter og andre sosiale aktiviteter.»

- Har det noe å si at Tryggheim er en kristen skole?

JOHAN: «Det har selvfølgelig noe å si, men for å være ærlig så merker jeg det egentlig ikke så godt, foruten morgenmøtene og andaktene. Skolen er ikke bare for kristne, men for alle! Dette synes jeg er bra, for da blir det en god miks!»

FRODE: «Jeg synes ikke det sånn radikalt. Hvis man ikke er kristen, tror jeg ikke man egentlig føler seg utenfor. Men er man kristen, er Tryggheim plassen å være! Det er godt og trygt med en kristen videregående skole.»

Etter intervjuet takker vi for at de tok seg tid, de smiler og går tilbake til timene sine. Og vi må bare nikke og si oss enige! Tryggheim videregående skole er en skole av de sjeldne, med det viktigste i sentrum!

Tryggheimkalender

JANUAR

Tors. 3. Skolestart
Tirs. 8. – søn. 20. Møteuker

FEBRUAR

Man. 11. – fre. 15. Vinterferie
Man. 18. – fre. 22. Leirskole GK
Ons. 20. Tryggheimbasar
Lør. 23. Foreldredag og Tryggheimbasar
Man. 25. – fre. 1.3. Leirskole GK

MARS

Man. 5. – søn. 17.3. Møteuker
Man. 25. – tirs. 2.4. Påskeferie

TRYGGHEIMHELING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Ingvar Fløysvik
Knut Handeland
Björg Topnes
e-postadresse: post@tryggheim.no
Kasserer: Aud Bodil Voll
Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...



Hege Torgersen (ST 07-10) og **Martin Vagle** (ST 07-10) giftet seg 10. mai
Olene Aarsland (HS/PB 08-11) og **Eivind Ydstebø** (BA 06-08) giftet seg 29. september
Henriette Sliemstad (HS/PB 09-12) og **Andreas Espeland Meling** (BA 08-10) giftet seg 6. oktober
Johanne Søiland (AF 04-07) og Vidar Njærheim giftet seg 6. oktober
Marita Midtun (ST 08-11) og Roger Finstad giftet seg 13. oktober

Morten Vedøy (ST 07-10) vant i oktober NM i kroppsbygging i klassen for juniorer.

Solveig Bergersen og **Marta Harestad** (Tryggheim U-skule 09-12), **Elin Askeland**, **Hannah Lende** og **Maria Våland** (Tryggheim U-skule 11-), er med i Hå kulturskules oppsetning av barneoperaen Burundibar, som ble fremført tre ganger under Oslo Operafestival i oktober. Barneoperaen, som hadde premiere i 1942, ble fremført 55 ganger i konsentrasjonsleiren Theresienstadt under 2. verdenskrig, med jødiske barn i rollene. Hovedrollene i kulturskulens oppsetning er det **Solveig** og **Maria** som har!

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåelse og andre bedrifter!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss melding om det. Send en e-post til aaanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Tips oss!

NYE FJES

Namn: Kristine Kringlebotten Goa
Bustad: Stavanger
Sivilstatus: Gift med Trond

På Tryggheim dette skoleåret har me fått ikkje berre eit nytt namn på lista over tilsette, men i tillegg ein flunkande ny tittel som lyder som musikk i mange øyrer. Kristine Kringlebotten Goa er dama som er tilsett i stillinga «Song- og musikkansvarleg» ved Tryggheim, og sjølv om stillinga berre er 15%, er funksjonen viktig nok for dei som samarbeider med henne om å utvikla lovsong og musikalsk uttrykk på torsdagsmøta. Sjølv ser ho rolla si først og fremst som ei som skal gje støtte og råd til elevane som bidreg på ulike måtar med musikk og song på møta. Ho ønskjer å hjelpe dei vidare slik at dei kan verta tryggare og få kyndig hjelp på vegen.

- Eg ønskjer mest av alt å sjå elevane veksa og utvikla seg når det gjeld musikalsk deltaking, understrekar 27-åringen, som vektlegg at elevane skal vera



aktive og at ikkje det er meininga at ho skal koma inn og «ta over», men heller vera ei som går nokre steg i lag med dei.

Goa er ei med lang erfaring innan song og musikk. Frå studietida i Stavanger og fram til no har ho vore aktiv i Salem i Stavanger i rolla som koordinator av lovsongsarbeidet og som leiari av eige lovsongsteam. Ho er oppvaksen i Etne, men etter at ho var

russ på Tryggheim i 2004, gjekk vegen til Stavanger og der gjorde ho sjukepleiar av seg. Songen og musikken var med heile vegen, og det hadde han for så vidt vore før den tid også.

- Eg voks opp i ein heim der musikk var viktig, med foreldre som reiste rundt og song og spelte, fekk eg det vel i grunnen inn med morsmjølka, som det heiter, seier Kristine som til dagleg er å finna ved akutten på Stavanger Universitetssjukehus. Stillinga på Tryggheim kjem litt på toppen, men det er veldig kjekt å ha rolla som «song- og musikkansvarleg» i følge henne sjølv. Ulempa med å ha ei så lita stilling er at det vert lite høve til å utvikla kontaktflata med andre på skulen. Det vert mest kontakt med dei elevane som til ei kvar tid er inne og bidreg musikalsk på torsdagsmøta. Likevel kjenner ho arbeidet som givande, og med ei brei erfaring både frå det nemnde Salem-miljøet og med årsstudium i «musikk, menighet og leiing» frå Høgskolen Staffeldtsgate i Oslo, er ho definitivt ein kjærkomen ressurs for musikkarbeidet ved skolen vår!

Nye medarbeidarar ved Tryggheim vgs skuleåret 2012/13



Namn: **Runar Amland**
Alder: 21 år
Bustad: Stavanger
Stilling: Miljøarbeidar (Draumejobben)
Interesser: Fotball, volleyball, Jesus, mat, piano og gitar er flotte ting. Likar godt å treffe mange forskjellige folk



Namn: **Lasse Samuelsen**
Alder: 30 år
Bustad: Nærbø
Stilling: Lærer i matematikk
Interesser: Trening (løping spesielt), bibel-lesing, mm.



Namn: **Werner Larsen**
Alder: 27 år
Bustad: Nærbø
Stilling: Lærer på Bygg- og anleggsteknikk
Interesser: Mange, men særleg å vera saman med familie og venner og å utbre evangeliet




Namn: **Marita Dalseid**
Alder: 18 år
Bustad: Dale
Stilling: Miljøarbeider/eittåring
Interesser: Bibelen, fotball, musikk og fjellturar.



Namn: **Torbjørn Honnemyr**
Alder: 49 år
Bustad: Varhaug
Stilling: Lærer på Bygg- og Anleggsteknikk, og kristendom
Interesser: Misjonshuset og innvandrarar.

I tillegg er desse nye på huset:


Kristine Kringlebotten Goa (song- og musikkansvarleg)
Raquel Johannessen (reinhold)
Fanus Habte Araya (reinhold)
Ellen Ånestad (kjøkkenassistent, vikar)
Ann Elin Holen Oftedal (kantinearbeidar, vikar)
Arnhild Trefjord (kjøkkenassistent)
Jon Arne Frantzen (kokkelærling)



Namn: **Nils-Vidar Henriksen**
Alder: 30
Bustad: Skjæveland, Sandnes
Stilling: Lærer i matematikk og kroppsoving, IKT-ansvarleg
Interesser: Sport og friluftsliv



Namn: **Harald Jørgensen Dyrøy**
Alder: 28 år
Bustad: Varhaug
Stilling: Lærer på Bygg- og anleggsteknikk
Interesser: Familie og venner, fotball, sykling



Tryggheimhelsing ynskjer alle lesarar ei fredfull julehøgtid og eit velsigna, godt nytt år! "Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han." Joh. 3,17